



Skulemusikken under den siste konserten sin i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvart år i førjulstida er det ein tradisjon at skulemusikken har førjulslotteri.

Slik er det sjølv sagt også i år.

Onsdag 17.november går startskotet, og frå kl. 17.00 og ein par timar utover håpar vi at alle hustandar i bygda skal få besøk av dei blide og flinke musikantane som loddseljarar.

Dersom vi ikkje skulle klare å dekke heile bygda, vil ein få muligheheter til å kjøpa loddseinare. Førjulslotteriet er eit viktig tiltak for drifta av skulekorpset, og vi er svært takksame for at loddseljarane, mest utan unntak, vert mottekne på ein så fantastisk måte.

Gevinstlista er og tradisjonell. Skikkeleg god julemat og andre ting som er kjekke å vinna når det nærmar seg julehøgtid.

Det vert og lagt ut loddbøker på nokre butikkar, og det vert dagar med loddsal på SPAR-butikken. Lotteriet vert trekt fredag 10.desember om kvelden under grautfesten til skulemusikken.

Skulemusikken held no på og førebur julerepertoaret. Vi kunne godt tenkt oss fleire musikantar. Deisom er med er svært positive, og under leiing av den nye dirigenten vår, Tor Skeie Olsen, vert det jobba svært godt.

Ha ei fin førjulstid!

Styreti skulemusikken